

Kommuneplanens arealdel Midt-Telemark kommune 2021-33

Vedlegg nr 1 til føresegnene

Føresegner for skilt og reklame

1.1. Skilt og reklame

1.1.1. Søknapliktige tiltak

- a) Skilt, reklameinnretningar o.l. større enn 1 m² skal ikkje setjast opp/endrast utan løyve. For ljosskilt krevjast løyve uavhengig av storleik. Løyve kan berre bli gitt inntil vidare eller for eit bestemt tidsrom.
- b) Ved oppsetting av skilt eller reklameinnretningar over 3m² samla totalt skiltareal gjeld Plan- og bygningslova § 21-3 om nabovarsel.

1.1.2. Områdeomsyn

- a) Kommunen kan utarbeide eller krevje utarbeidd ein samla skiltplan for eit avgrensa område eller bygg.
- b) Innanfor særprega og historiske interessante miljø, sentrumsføremål, i ope naturlandskap, kulturlandskap, parkar, friområde, parkeringsplassar og på rivingstomter skal det ikkje oppførast frittstående reklameinnretningar som ikkje er tilpassa miljøet sin karakter og historie. I reine bustadområde skal det ikkje førast opp reklameinnretningar. Mindre reklameskilt på forretningar, kioskar o.l. kan førast opp i den grad det ikkje sjenerer bustadene. Lysreklame er ikkje tillate i bustadområde.

1.1.3. Utforming

- a) Det estetiske uttrykket ved bygget i form av fargar, hovudoppbygging og liner i fasadar på bygg og nabobygg skal respekterast. Storleik på skrift og kontrast mellom skrift og bakgrunn skal utformast med omsyn til lesbarheit for svaksynte.
- b) Skilt, reklame o.l. skal ikkje vere til hinder for ferdsel eller til fare for omgjevnaden. Lausfotreklame og anna flyttbare innretningar skal minimerast og plasserast inntil bygningskroppar og ikkje vere til hinder for mjuke trafikantar. Ballongar og andre reklameinnretningar i lufta er ikkje tillate, med unntak av visse særskilte høve. For kvar verksemd er det ikkje tillate med meir enn eitt uthengsskilt og eitt veggskilt. Kommunen kan gjere unntak for verksemdar som disponerer fleire og/eller store fasadar langs fortau eller gater.
- c) Mellombelse innretningar er ikkje tillate for lengre periodar eller ved stadig gjentakning.
- d) Skilt/reklameinnretningar skal tilpassast storleiken på fasaden og ikkje ha eit større samanhengande areal enn 10 %/7m² av bygget si fasade.
- e) Markiser skal avgrensast til vindaugsopningar. Merkinga må ha tilknytning til drivande verksemd. Vindaugsreklame må ikkje bryte med det arkitektoniske uttrykket på den bygning eller bakgrunn dei tilhøyrar, og skal ha ein samanheng til anna reklame på bygget.

1.1.4. Fjerning av skilt, reklameinnreiingar og liknande

Kommunen kan gje pålegg om å fjerne eller endre skilt, reklameinnretning o.l. når det etter kommunen sitt skjønner verkar skjemma i seg sjølv eller i høve til omgjevnadane eller verkar sjenerande på annan måte. Innretningar som kan medføre fare kan i alle tilfelle krevjast fjerna. Skilt/innretningar som ikkje lengre er aktuelle for verksemda, skal fjernast omgåande.